



## VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset i Ølen
Dato: 03.06.26
Tidspunkt: kl 16.00

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd (meldt fråvær) Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd (meldt fråvær) Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd (meldt fråvær) Bjørghild Vetrhus, Vikedal sokneråd (sjuk)  Eli Kolstad, kommande geistleg representant (var med 1.del)
------------	--

Vara:	Elin Thorsen
-------	--------------

--	--

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen

**Neste møte er 26.august**




VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	03.06.26

**Saksliste:**

- 27/26 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
- 28/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- 29/26 REFERATSAKER
- 30/26 ORIENTERINGSSAKER
- 31/26 REVISJON AV TILTAKSPLAN
- 32/26 SAMANSLÅING AV FELLESRÅDA I TYSVÆR OG VINDAFJORD
- 33/26 VEDTAK AV PRIS FOR UMLEIGE AV KYRKJENE
- 34/26 BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2027



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
27/26	Fellesrådet	03.06.26

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjeverja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå sist blei godkjend.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
28/26	Fellesrådet	03.06.26

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjeverja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
29/26	Fellestrådet	03.06.26

## REFERATSAKER

### **29/26 -1      Universell utforming Vats kyrkje**

Me skal snart i gong med arbeidet i Vats kyrkje. Komiteen som skal følgje opp arbeidet er Steinar Sørhus, kyrkjevevja og Magnor Vårvik. Sistnemte har jobba som snekker i alle år. Arne Tveit og Procon har sendt ut nabovarsel. Kommunen har gjort vedtak. Søknaden er godkjent. I juni skal kyrkjevevja og økonomiavdelinga sende ut anbud til 3 bedrifter.

### **29/26 -2      Parkeringsplassen i Sandeid**

For å utnytta plassen betre, ynskjer Sandeid sokn å fjerna ein hekk som deler parkeringsplassen ved kyrkja. Det skal og lagast ei grind, for å få inn større køyretøy som gravemaskin, traktor og liknande. Kyrkjevevja har sendt info til Bispedømmerådet og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Svaret frå Statsforvaltaren var at dette må søkjast om. Soknerådet legg derfor dette på is førebels.

Statsforvaltaren påpeikte at det manglar ei trerekke langs gjerdet på gravplassen mot nord. Dette vil me få på plass i løpet av sommaren.

### **29/26 - 3      Tilbod om kjøp av eiendom i Vikebygd**

Ein hytteigar har gitt Fellestrådet eit tilbod om å kjøpe eit område som ligg inntil parkeringsplassen i Vikebygd. Det vil bli gjort ei vurdering om dette er interessant eller ikkje. Kyrkjevevja har spurt om prisantydning. Selgjaren skal ta kontakt med kommunen og få ein kvadratmeterpris, og kva andre kostnader ein får med å ordna eit slikt sal.

Sakene blei tekne til orientering



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
30/26	Fellestrådet	03.06.26

ORIENTERINGSSAKER

**30/26 -1 Høyring om Rammeplanar for kyrkjeleg undervisning og læring**

Det er komme ei høyring om den nye rammeplanane for kyrkjeleg undervisning og læring. Sokneråda og fellestrådet har fått denne. Prestane og dei som driv med trusopplæring får eit særskilt ansvar for å komme med eit høyringsforslag til sokneråda. Høyringsfrist: 15.september

**30/26 -2 Beredskapsplan for Vindafjord kyrkjelege fellestråd**

Kyrkjeverja har laga eit forslag til ein beredskapsplan for når særlege situasjonar oppstår, t.d.ulukker, kriser og liknande. Staben skal nå komme med innspel.

**30/26 -3 Utbetaling av overskudd frå KA Kirkeforsikring**

KA Kirkeforsikring unngjekk store skader i 2025. Derfor deler dei ut overskuddet. Vindafjord kyrkjelege fellestråd får 33 270 kr.

Sakene blei tekne til orientering



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
31/26	Fellestrådet	03.06.26


### Revisjon av tiltaksplan.

## Tiltaksplan for Vindafjord kyrkjelege fellestråd 2026 22.05.26

Tiltak	Merknad	Prisoverslag
Nytt brannsløkkeutstyr	Måtte skiftast	110 000
Nye dører Vikedal kyrkje	Ok, investering	208 000
Universell utforming Vats	1 mill i investeringsmidler Arne Tveit sender byggemeld	1 100 000
Vats kyrkje, lekkasje pipe	Håkull/Ersland i juni	Opptil 50 000
Tilstandsrapport Vikedal kyrkje	Omega 365:	Ca 30 000,-
Vinduer Vikedal		
Fikse ytterdør / ny ytterdør Bjoa	Førre Trevare Sendt bilder og mail	
Tak over inngong Ølen kyrkje	Godkjent Soknerådet har 50 000 på oppussingskonto	Må kanskje støtte med 20 000,-?
Minnelund Vats	Anonym gåve	
Orgel Vikedal Orgel tilsyn	Stemming av 3 orgel i året?	
Enøk.tiltak	Varmepumper	Vestbø inneklime: 34900,- (inkl moms) 9 kW, 16 A sikring Lauareid service: ca 50-100 000,- LOS Varmepumpe Etne: 24 000,- + moms (Sandeid)
Bepanting Sandeid gravplass	Det manglar tre langs kanten av gravplassen (pleier å vera spesiell bjørk utan pollen, eller lind)	Me kan bruke eit Fond som heiter «Forskjønning kyrkjegardar»

Elektronisk ringesystem Vikebygd		Olsen Nauen Klokkestøperi: 350 000,-
Sandeid kyrkje, ny bordkledning tårn		200 000,-
Rehab. av vinduer mot sør Sandeid kyrkje		
Ølen gravplass, utviding	Kommune-sak, skal ha møte med Halfdan Krohn- Brekke i juni	
Nytt kjøkken Vikebygd	Midler frå stiftelse Pågår	
Lydanlegg Ølen kyrkje	Innsamling pågår	20 000,- i støtte frå fellesrådet ?
Årleg maling, ei kyrkje anna kvart år	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Minnelundar Sandeid/Skjold	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Ordne parkeringsplass og gjerde Sandeid	Sendt info til SB og SFVT, og svaret er at ein må søkje om endring Saka blir utsett	
Vikedal gravplass, drenering	Utsett	
Bårehus Ølen kyrkjegard		
Bårehus Skjold kyrkjegard		

Lista blei diskutert. Kyrkjeverja lagar ein eigen investeringsplan. Fellesrådet og kyrkjeverja må jobbe aktivt for å få meir pengar til vedlikhald av kyrkjene. Det må synleggjerast med tal for kommunen at me treng meir midlar.



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
32/26	Fellesrådet	03.06.26

## Samanslåing av fellesråda i Tysvær og Vindafjord

### Saksorientering

Fellesråda i Tysvær og Vindafjord har nå over tid greidd ut om råda skal slå seg saman til eit fellesråd.

Fellesnemnda hadde saka opp i sitt møte 27.mai og referat frå det møte vil bli ettersendt når det ligg føre. Fellesnemnda tok i møte stilling til følgande to alternativ til vedtak:

Innstilling til vedtak:

Alternativ 1:

1. Fellesnemnda avsluttar arbeidet med samanslåing.
2. .... (Eventuell grunngjeving)
3. Fellesnemnda ber kyrkjeverjene gjera opp endeleg rekneskap for prosjektet og gir dei to fellesrådsleiarane fullmakt til å godkjenna dette.
4. Leiarane i fellesråda vil orientera sine kommunar om utfallet.

Alternativ 2:

1. Fellesnemnda tilrår Tysvær kyrkjelege fellesråd og Vindafjord kyrkjelege fellesråd om å gjera slike vedtak i møta 3. juni:
  - a. .... kyrkjelege fellesråd ynskjer å slå seg saman med .... kyrkjelege fellesråd frå 1. januar 2027.
  - b. Saka blir sendt ut på høyring til sokneråda med svarfrist 20. august. Kyrkjeverje og prosjektsekretær blir bedt om å senda saka på høyring til dei andre organa som skal høyrast.
  - c. Etter at høyringssvara er kome inn vil fellesrådet gjera eit endeleg vedtak for eller mot samanslåing 26. august.
  - d. Fellesnemnda får fullmakt til å arbeida vidare med saka, men det skal takast atterhald om endeleg vedtak 26. august

2. Fellesrådsleiarane blir bedne om å orientera ordførar om utfallet etter fellesrådsmøta, og kyrkjevevjerene/ prosjektsekretær blir bedt om å orientera kommunedirektør, bispedømmekontor og Kyrkjeråd.
3. I tråd med vedtak i sak 13/26 blir fylgjande vald til tilsettingsnemnd: .....  
.....
4. Høyringsdokumentet lagt fram i saka blir nytta med desse endringane:  
.....

**Fellesnemnda samla seg etter ei omfattande drøfting om dette vedtaket:**

1. Fellesnemnda tilrår Tysvær kyrkjelege fellesråd og Vindafjord kyrkjelege fellesråd om å gjera slike vedtak i møta 3. juni:
  - a. .... kyrkjelege fellesråd ynskjer å slå seg saman med .... kyrkjelege fellesråd frå 1. januar 2027. Namnet blir «Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd»
  - b. Saka blir sendt ut på høyring til sokneråda med svarfrist 20. august. Kyrkjevevjerje og prosjektsekretær blir bedt om å senda saka på høyring til dei andre organa som skal høyrast.
  - c. Etter at høyringssvara er kome inn vil fellesrådet gjera eit endeleg vedtak for eller mot samanslåing 26. august.
  - d. Fellesnemnda får fullmakt til å arbeida vidare med saka, men det skal takast atterhald om endeleg vedtak 26. august
2. Fellesrådsleiarane blir bedne om å orientera ordførar om utfallet etter fellesrådsmøta, og kyrkjevevjerene/ prosjektsekretær blir bedt om å orientera kommunedirektør, bispedømmekontor og Kyrkjeråd.
3. I tråd med vedtak i sak 13/26 blir fylgjande vald til tilsettingsnemnd: Ingvar Frøyland, Torleif Susort, Marit Sofie T. Vikre, Steinar Sørhus, Karianne Dagsland og Esther L. Åsheim
4. Høyringsdokumentet lagt fram i saka blir nytta

Alle dei fire faste medlemmene i Fellesnemnda stemte for dette vedtaket.

Sokneråda har gjennom prosessen vore orientert gjennom sine medlemmer i fellesråda.

Dei tilsette har vore orientert om saka på stabsmøter samt at dei siste sakspapira til fellesnemnda og har vore delt med dei tilsette. I tillegg har tilsettrepresentant i administrasjonsutvalet møtt i fellesnemnda. Det har og vore oppretta eit medverknadsorgan der verneombod, tilsettrepresentant og tillitsvalte har møtt.

## Vurdering

Kyrkjeverja deler fellesnemnda sin vurdering er at ein bør gå for ei samanslåing av dei to fellesråda. Denne vurderinga byggjer på at fellesråda samla kan få ein administrasjon som er meir robust og som samla kan ha både breiare og meir spesialisert kompetanse. Dette vil kunne sikre at ein får betre oppfølging av personale og betre tilrettelegging av bygg og gravplassar. På denne måten kan ein få «meir kyrkje for pengane». For dei fleste av dei tilsette vil dei fortsatt ha same arbeidsplass som i dag og ha nærleiken til kyrkjelydane og innbyggjarane elles. Sjølv om det og heilt klart er utfordringar med at ein får fleire einingar i form av sokn, bygg og gravplassar - samt at avstandane og blir noko større - er det slik eg ser det større fordeler enn ulemper med å slå saman dei to fellesråda.

### Forslag til vedtak:

I denne saka skal Fellesrådet ta stilling til tilrådinga frå Fellesnemnda – Kyrkjeverja kjem ikkje med eiga tilråding til vedtak i saka.

Fellesnemnda sitt framlegg til vedtak er:

1. Fellesnemnda tilrår Tysvær kyrkjelege fellesråd og Vindafjord kyrkjelege fellesråd om å gjera slike vedtak i møta 3. juni:
  - a. Vindafjord kyrkjelege fellesråd ynskjer å slå seg saman med Tysvær kyrkjelege fellesråd frå 1. januar 2027. Namnet blir «Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd»
  - b. Saka blir sendt ut på høyring til sokneråda med svarfrist 20. august. Kyrkjeverje og prosjektsekretær blir bedt om å senda saka på høyring til dei andre organa som skal høyrast.
  - c. Etter at høyringssvara er kome inn vil fellesrådet gjera eit endeleg vedtak for eller mot samanslåing 26. august.
  - d. Fellesnemnda får fullmakt til å arbeida vidare med saka, men det skal takast atterhald om endeleg vedtak 26. august
2. Fellesrådsleiarane blir bedne om å orientera ordførar om utfallet etter fellesrådsmøta, og kyrkjeverjene/ prosjektsekretær blir bedt om å orientera kommunedirektør, bispedømmekontor og Kyrkjeråd.
3. I tråd med vedtak i sak 13/26 blir fylgjande vald til tilsettingsnemnd: Ingvar Frøyland, Torleif Susort, Marit Sofie T. Vikre, Steinar Sørhus, Karianne Dagsland og Esther L. Åsheim
4. Høyringsdokumentet lagt fram i saka blir nytta.

### **Samrøystes vedtak i Vindafjord kyrkjelege fellesråd:**

1a. Vindafjord kyrkjelege fellesråd ynskjer å slå seg saman med Tysvær kyrkjelege fellesråd frå 1. januar 2027. Namnet blir «Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd»

b. Saka blir sendt ut på høyring til sokneråda med svarfrist 20. august. Kyrkjeverje og prosjektsekretær blir bedt om å senda saka på høyring til dei andre organa som skal høyrast.


c. Etter at høyringssvara er kome inn vil fellesrådet gjera eit endeleg vedtak for eller mot samanslåing 26. august.

d. Fellesnemnda får fullmakt til å arbeida vidare med saka, men det skal takast atterhald om endeleg vedtak 26. august

2. Fellesrådsleiarane blir bedne om å orientera ordførar om utfallet etter fellesrådsmøta, og kyrkjeverjene/ prosjektsekretær blir bedt om å orientera kommunedirektør, bispedømmekontor og Kyrkjeråd.

3. I tråd med vedtak i sak 13/26 i Fellesnemnda blir fylgjande vald til tilsettingsnemnd: Ingvar Frøyland, Torleif Susort, Marit Sofie T. Vikre, Steinar Sørhus, Karianne Dagsland og Esther L. Åsheim

4. Høyringsdokumentet lagt fram i saka blir nytta.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
33/26	Fellesrådet	03.04.26

**Vedtak av pris for utleige av kyrkjene til personar busett utanfor kommunen, eller personar som ikkje er medlem av Den Norske Kyrkje.**

Vanleg pris for leige av ei kyrkje i Vindafjord er tidlegare sett til kr 1000,- (Skjold kyrkje 2000,-. Sjå sak 26/25. )

Administrasjonen erfarer at fleire vil leige ei kyrkje som eit lokale (utan prest og organist) for t.d. vigsel, sjølv om dei ikkje er busett i kommunen eller er medlem av Den Norske Kyrkje. Ofte vil dei komme ein eller fleire gonger før vigselen for å sjekke eller pynte. Me må stille med kyrkjetenar kvar gong. Då dekkjer ikkje prisen utlegga me har med dette.

Om dei vil leige kyrkja med prest og organist, bør dette kosta meir.

Forslag til vedtak:

Pris for utleige av ei kyrkje (utan prest og organist) i Vindafjord kommune til personar busett utanfor kommunen, eller personar som ikkje er medlem av den norske kyrkja vil frå 01.07.26 bli sett til kr 2000,- per arrangement. Same utleige med prest og organist vil bli sette til kr 3000,-

Kyrkjeverja tilrår:


Å vedta forslaget.

Sakshandsaming:

Ordlyden blei diskutert, og foreslått endra. Det kom og ei tilføyning.

Samrøystes vedtak blei då:

Pris for utleige av ei kyrkje (utan prest og organist) i Vindafjord kommune til personar busett utanfor kommunen, til personar som ikkje er medlem av den norske kyrkja, eller som ikkje har noko tilknytning til eit sokn i kommunen, vil frå 01.07.26 bli sett til kr 2000,- per arrangement.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
34/26	Fellesrådet	29.04.26

### Budsjettframlegg 2027

I samråd med kommunen opererer ein her med ein såkalla deflator. (prisstigning)  
Den kommunale deflatoren er berekna til 3,5 prosent for 2026.

I kommunen sitt budsjettframlegg vil ein då leggja til grunn ein gjennomsnittsdeflator på 3,5% i budsjettforslaget til fellesrådet for neste år.

Budsjettforslaget for 2027:

<b>Lønnskostnader</b>					
Fast løn	3 592 040	4 100 000	4 250 000	3 500 000	
Helgedagstillegg	46 274	60 000	321 000	60 000	
Kvelds/natt/helg	68 339	62 000	64 500	75 000	
Ekstrahjelp	384 453	254 000	0	400 000	
Godgjersle	69 899	63 000	66 000	71 000	
Pensjonsinnskot KLP	644 786	600 000	711 636	750 000	
Ulykkesforsikring	10 605	14 000	14 500	14 500	
Arbeidsgjeveravgift	643 766	706 410	733 500	700 000	
<b>Utgifter</b>					
Kontormateriell	18 845	10 000	6 500	7 000	
Undervisningsmaterieil	3 479	5 000	5 000	5 000	
Utdelingsmaterieil	105 217	60 000	62 000	65 000	
Utstyr og Aktivitetsmaterieil i arbeid	302 600	376 500	242 300	305 000	
Beverting	62 789	12 000	12 000	60 000	
Forbruksmaterieil vare og tenester	77 223	0	0	80 000	
Gåver og heidersteikn	12 607	500	0	5 000	
Post, bank, telefoni og datalinjer	31 224	20 000	22 500	30 000	
Annonse, reklame, inform., repr.	61 419	140 000	100 000	70 000	
Layout og trykk	163 128	100 000	145 000	165 000	
Opplæring, kurs	15 128	30 000	60 000	25 000	
Reiseutgifter	75 579	75 000	75 000	85 000	
Straum/energi	730 093	720 000	795 000	800 000	
Forsikringar	230 955	240 000	300 000	300 000	
Leige av lokalar og grunn	16 550	1 000	0	18 000	
Avgifter, gebyr og lisensar	560 566	420 000	435 000	600 000	
Inventar og utstyr	268 700	15 000	70 000	200 000	
Leige, leasing og kjøp (transportmidde)	339 987	0	0	50 000	
Vedlikehaldsutgifter bygg	780 646	500 590	517 000	400 000	
Driftsavtaler kyrkjegardar og anlegg	916 250	1 230 000	1 270 000	1 300 000	
Materialar til vedlikehald	117 246	0	0	100 000	
Kjøp av konsulentenester, juridisk bist	333 144	100 000	150 000	250 000	
Kalkulatorisk utgift ved kommunal t	495 000	495 000	550 000	550 000	
MVA som gir rett til MVA-kompensjor	1 055 244	800 000	828 000	800 000	
Avsetjing til bundne fond	44 588	0	0		
				11 840 500	
				0	
<b>Intekter</b>					
Betaling frå deltakarar (eigendelar)	-67 633	-70 000	-72 000	-80 000	
Leigeinntekter og andre tilfeldige inte	-75 860	0	0	-105 000	
Festeavgifter	-1 077 330	-1 300 000	-1 300 000	-1 100 000	
Refusjon sjukelønn	-201 742	0	0		
MVA-kompensasjon drift	-1 055 224	-800 000	-828 000	-800 000	
Refusjon frå menigheitsråd og andre	-312 365	-300 000	-302 000	-291 209	
Kalkulatorisk utgift ved kommunal t	-495 000	-495 000	-550 000	-550 000	
Tilskot frå staten/statlege institusjon	-876 537	-840 000	-840 000	-870 000	
Tilskot frå kommunen	-7 015 000	-7 015 000	-7 424 436	-7 684 291	
Tilskot/gåver frå andre	-319 204	-180 000	-284 000	-220 000	
Renteinntekter	-138 215	-110 000	-106 000	-140 000	
Bruk av ubunde fond	-143 500	-100 000	-100 000		
Rekneskapsmessig underskot/meirfo	-500 316	0	0		
		-11 140 000	-11 734 436	-11 840 500	

Sakshandsaming:

Fellesrådet drøfta forslaget.

Det kan vera lurt å laga eit eige rekneskap for gravplassdrifta, for å synleggjera dette for kommunen.

Kyrkjeverja, Harald Olav og Asle dannar ei budsjettgruppe som skal jobba vidare med dette budsjettforslaget.

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet kom med innspel, som kyrkjeverja og budsjettgruppa følgjer opp fram til neste møte.